

Månadsbrev november 2021

Me byrja oktober med songsamling og haustsamlingar der store og små var aktive og hadde ei flott tid saman. Haustferien vart fin, og så var me kjapt i gang att med kulturell skulesekk om feber og fellesskap i koronatida. Det minner meg på at me ikkje kan gløyma Covid-19 og andre bakteriar endå. Dei lurar rundt ein stad der ute, og som Espen Rostrup Nakstad minna oss på sist veke: "Akkurat nå så er det det å etterleve de rådene som faktisk gjelder, som er viktigst; det at vi er hjemme når vi er sjuke og tester oss ved symptomer." Får me feber, hoste eller sår hals, er det ikkje bøn, då er me heime til me er friske eller har fått negativt koronatestsvar! Mistar me smaks- eller luktesans, gjeld det same. Litt sløve med handvask har me nok blitt, så det er berre å ta opp att den gode vanen med såpe og vatn eller Antibac, jf. sist månadsbrev!



Markeringa av SN-dagen 22. oktober var lærerik, og elevane hadde ikkje vanskar med å svara på spørsmåla under stjerneorienteringa, bortsett frå at UNESCO er SN sin organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon. Det same var timane 5.-7. klasse hadde med Agder Energi om eltryggleik. Hugs: Me ladar ikkje mobilen om natta ved sida av senga!

FAU er konstituert, der Anders Tjørhom er leiar, John Ove Sinnes nestleiar og Jorid Tafjord sekretær. FAU er klare for nytt møte 3., og SU og SMU 9. november.

November startar med morgonsamling ved 9.-10. klasse i 4. time, før alle feirer Halloween resten av skuledagen. Elevrådet ynskte felles Halloween-feiring, og dei ville nytta K&H-timane for 5.-10. klasse til å laga kostyme for å unngå kjøpspress. Ein god idé, så nå kan me møta både banan, dorull og Hermine Grange på skulen den dagen. Allereie dagen etter vert det film om kulturarv og Noreg si mørke kolonihistorie, slavehandel, for ungdomstrinnet. Elevrådet skal ha møte 10. november, og får besøk av einingsleiar skule, Anita Heiaas Haugen. Fredag 12. november er planleggingsdag for lærarane, og då reiser me til Lindesnes og Spangereid skole for å læra meir om lystlesing og leseopplæring. Det blir meir skulesekk, for måndag 15. blir det konsert, *Oh Freedom*, som tar utgangspunkt i den afroamerikanske spiritualtradisjonen, og 19. finn de vonleg Sinnes sin BlimE-dans på NRK. Onsdag 17. er det MOT-samling for både 8. og 10. klasse på Tonstad., og tysdag 23. er MOT til å gleda-dagen. I slutten av november blir det halvårsprøvar for ungdomstrinnet, og 29. november blir det julegrantenning. Same dag skal 5.-7. klasse sjå film i 4.-5. time i regi av den kulturelle skulesekken: *Sjuende - på ekte*.

Adventstida byrjar som sagt 28. november, og det kan vera greitt å merka av juletreffesten torsdag 16. desember i kalenderen allereie nå.

Hugs onsdagsskule for 1.-4. 10. november!

Sinnes 01.11.21, Åse-Berit (rektor)

